



## KYSTVERKET

Vest

Meland kommune  
postmottak@meland.kommune.no  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:  
14/628 - 14/15803

Vår ref.:  
2014/1043-9

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Johan Sørensen

Dato:  
06.11.2014

### **Utale - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø, for endring av eksisterande anlegg - Lokalitetsnr 10080 - Laksevika - Meland kommune - Hordaland fylke**

Vi viser til brev av 20. oktober 2014 vedkomande søknad om dispensasjon frå kommuneplanen i samband med endring/utviding av eksisterande oppdrettsanlegg ved lokalitet 10080 Laksevika i Meland kommune.

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Etaten er eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet, og har det faglege ansvaret for sikker og effektiv sjøtrafikk i norske farvatn og hamner.

I kommunale arealplanprosessar etter plan- og bygningslova deltar Kystverket for å ivareta sikker og effektiv sjøtrafikk, og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv hamneverksemd.

Anlegget 10080 Laksevika er lokalisert i Herdlefjorden, definert som biled 2254. Av viktige navigasjonsinstallasjonar finnes på vestsida i fjorden Hegernes fyrlykt. Anlegget vil ikkje ligge konfliktfylt til i forhold til navigasjonssignal frå lykta.

Farleia er viktig og mye brukt i forbindelse med sjøtrafikk langs kysten. Vi vil gjere merksam på at ytterdel av anlegget, dvs merden på utsida av anlegget inn mot farleia medfører innskrenking av farleia og blir vurdert å ligge uhelding til i høve til sjøtrafikk i området.

I et framtidsperspektiv er det satt i verk utgreiingar og planer om alternativ innsegling/farlei til Bergen via Skjelangersundet og Herdlefjorden. Dette vil generere ytterligere sjøtrafikk i farleia m.a. med betydeleg større fartøy, noko Kystverket må vektlegga i vurderingane.

Vi må også nemne at Kystverket i samband med handsaming av søknader om løyve til etablering av oppdrettsanlegg også ivaretek Forsvarets interesser, jfr hamne- og farvasslovens § 28. Omsøkt dispensasjon og lokalitet for oppdrettsanlegget ligg i eit militært forbudsområde. Vi antar at saken er sendt Forsvarsbygg til uttale, og i plansamanheng viser vi i så måte til eigen uttale frå Forsvarsbygg.

Vi kan konkludera med at ut frå eit farleds- og sikkerheitsmessig perspektiv i forhold til vanleg sjøtrafikk vil vi ikkje motsette oss at det blir gitt dispensasjon, dog med unntak av den yttarste merden ut mot farleia. Denne må eventuelt trekkast lenger vekk frå faleisområdet.

#### Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
		Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no
		Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Når det gjelder Kystverkets ansvar for ivaretaking av Forsvarets interesser i samband med ein framtidig søknad om etablering av oppdretsanlegg, som nemnd ovanfor, vil vi i samband med søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen vise til eigen uttale frå Forsvarsbygg.

Med helsing

Knut Stenevik  
avdelingssjef

Johan Sørensen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakarar:  
Forsvarsbygg  
Hordaland fylkeskommune

Cato.Dormaaenen@forsvarsbygg.no  
hfk@post.hfk.no